

# VESTLANDSNYTT

Artikkelserie i lokalavisa august 2010

Av Harald Jarl Runde


## fiendtlige kryssere

DEL 3

### Kanonbriggen Strenuous

Sommaren 1810 vert det fleire anslag mot farten rundt Staden. Fregatten Nymphen (med 42 kanoner) kryssar frå midten av juni til midten av juli mellom Orknøyane og Stad.

28. juli går kanonbriggen Strenuous (med 12 kanoner) ut frå Leith. 9. august tek den ei prise ved Stadt - eit handelsskip utan britisk lisens - på veg frå Kristiansund til Bordeaux i Frankrike. Nokre dagar etter er turen komen for ein galeas i ballast og ein fiskar frå Fedje. Så sender Strenuous båtar mot Utvær og gjer landgang. Men på Utvær og gjere der, då som no, ingen ting å røve: Ein robåt og 43 Rdl. i kontantar vert heile fengda. Sjørøvarane «kom roande og stal ein båt frå lunnane», heiter det i Solund. Sylvsakene derimot, fann dei ikkje: «Ei kjeriing gjømde sylvskeiene og sylvstaupa sine i mysetynna. Dar fann dei dei alder».



Telegrafan ved Kvalsvik var truleg plassert ved den gamle losutkiken «Skipesteinen». Utsikt mot Kvalneset og Rundebranden. Tua – merka med pil –

### En Telegrafbygning paa Rundøe

Etter «Affæren ved Silden» stoggar Nordfarar- og kystfarta rundt Stadt for ei tid heilt opp. Det merkast godt i Bergen. 6. august skriv handelsmann Wollert D. Krohn i eit brev:

*-midlertid går fienden med erobrede skonorter ved Stadt og hindrer all tilførsel norden fra, hvorved de norlandske produkter faldholdes høyere i forudsætning ingen til førsel deraf vil finde stæd.*


Etter å ha ført skonnertane Thor og Balder til Shetland, held dei to fregattane fram med toktet: Nemesis sør og Belvidere nord for Stadt.

Takka vere «Kysværnets årvågenhed er landgang afværget» melder Landboebladet. Men fienden klarer å bryte ned «en telegrafbygning på Rundøe hvorfra de, af frygt for Kysværnets, strax flyede». I

neste nr har avisa meir om hendinga: «At ved den telegrafbygning på Rundøe, som fienden besøgte, fik telegraf-bestyreren først nedbryde telegrafsignalet og bortbragt hvad ham var befalt, uagtet de fiendtlige skulde skyde efter ham».

Frå Tua på Kvalnesbruna, der fyren med vaktstove, telegrafan og «Hovudsignal» for Kystværnets var, er det vid utsikt både til havs og mot Breisundet. Telegrafan hadde fri siktelinje mot dei respektive telegrafane på Kvalsvifjellet og Grasøya. Men det tek si tid å kome seg opp dei bratte bakkane frå Kvalneset (eller kanskje Goksøya?) og opp på Tua. Så telegrafisten, kven han no var, fekk god tid å gjere det instruksan sa han skulle gjere: «Tillintetgjøre Signalmidlerne» og røme stasjonen. Åtaket vart avblese då flotiljen i Ålesund rodde ut Breisundet mot Runde, rapporterte sjefen for Sjøforsvaret i Norge, Lorentz Fisker, til Kongen.

I fylgje tradisjonen i Runde kom nokre sjørøvarar roande nord gjennom fjorden. Mannfolka samla i hop det dei hadde av våpen og tok dekning i Storehola, ei djup sæld eller grop om lag der kyrkjegarden på Runde er i dag. Her låg dei og dundra og skaut på røvarane.



Telegrafan i bruk. Det frykta signalet No. 4 vert heist: «Skipene som sees, er fiendtlige» Etter teikning av Ants Lepson/Risør Museum

### «Båder et løst Fod-spænde» og «En ubetydelig Affære»

Så snart general von Krogh får beskjed om tapet av kanonbåtane ved Silda, sender han forsterkning til eskadrane i Kristiansund og Ålesund. Han er redd for permanent hærsetjing av ei hamn ved Stad og skriv til kommanderande general Sønnaffjells at dette må for all del forhindrast. Dette førde til at det for ei tid vart sendt opp ein hærstyrke til Stadtlandet frå Bergen.

### Kystforten måtte gå sin gang.

Om kvelden 7. august er Buschmann på Grasøya der han snakkar med telegrafistane, «for at indhente

*Efterretninger om Fienden».*

Dagen etter 8. august, set Belvidera ut båtar for å ta eit par farty under land. Litt etter kjem ein konvoi ut frå Valderhaug: Ein kanonskonnert og fem kanonbåtar med ei jakt på veg sørretter. Då kanonbåtane prøver å avskjere skipsbåtane, vender Belvidera inn Breisundet og opnar eld, men kanonbåtane smett unna.

Skipsbåtane gjer nytt jag utfor Flølandet no på ei stor Nordlandsjekt på veg til Bergen med turrfisk.

Telegrafistane på Grasøya trur fienden går til åtak på stasjonen. Dei rømer stasjonen, vert forfylgde av skipsbåtane, men kjem seg til Flø. Der tek mannskapa frå Kystværnet seg av dei.

Ved Hatløya ligg 23 Nordfarjekter på sydgående mot Bergen og ventar på bør. I Håkonsholmen like ved tek nok ei jekt og ein kaper ly og folket på Vattøya rømer unna til Skeide.

Kystværnet vert alarmert og samlar seg på begge sider av Breisundet. Etter turen til Grasøya, er Buschmann knapt komen i seng i prestegarden i Dimnasund, då alarmeren går. Han bestemmer seg for å hindre fienden å ta Nordfarjekta utfor Flølandet. Med mannskapet han har fått samla, gjev han seg i veg som frstemann gjennom stranda til Flø. Mannskapet er ulystne og knurrar: « - *noen Skrit bak mig sagde [en] i nogen alvorlig tone. Vi vil ikke have med Fienden at gjøre med på Søen, Båd er et løst Fod-spende. Han kan komme på Land, så skal vi møde ham».*

Medan tek fienden jekta og set prisemannskap om bord. Men mannskapet på jekta hadde rokke å sete hol i botnen og jekta vert etter kvart fylt av sjø. Fienden let derfor jekta drive av medan mannskapet vert sett ombord i ein galeas på veg nordetter leia.

Buschmann fryktar no landgang på Flø. Han sender ut patruljer, set vakt utfor bua der ammunisjonen vert oppbevart og utanfor sin eigenkommandoplass. Vidare set han vakt ved «Fløe-gårdens 3 Landingsstæder»

Men Kystværnet vert passive tilskodarar i den vidare hendingsgangen.

Det er vindstille og flotiljesjefen i Ålesund, premierløytnant Jakob J. Lund, tek risikoen med å ro ut med heile divisjonen: «Jeg forcerede uopholdelig gjennom Giskesund til Alnæstangen forat have øie med ham og om mulig at indlade mig med ham». Han også er redd for åtak på Grasøya, «formodentlig for at nedrive telegrafan, da der ellers ikke er det mindste at hente» Flotiljen ror lenger ut mot «Rundøpynten» for mogeleg å avskjere båtane frå Belvidera. Men rett før skothald får kanonbåtane brått ein aukande NNV vind på låringa. Dei må lense unna for segl og årar innover mot Kvitneset medan fregatten får vindi segla og tek opp jakta. Dahlerup, som er krigsfange om bord i Belvidera, vert vitne til kampen og skriv i

memorane sine: «*Hele tiden seilede de under fregattens læ og beskydt af den i eetvæk».* Mellom to og tre hundre skot med granatar, kuler og skråsekkar, hevda Lund i sin rapport. «*Jeg var i den høieste spænding under hele denne jag! I begyndelsen gav jeg dem op som forlorne. Håbet steg imidlertid; een efter een såe jeg dem omsider bæere rundt om det frelsende næs i sikkerhed.»*, fortel Dahlerup vidare

Skriveren og futen, Andreas Landmark i Brandal, skal same dagen i Hjørungfiorden i skatte-kommisjon. Men dei kjem seg ikkje av garde. I futegarden grev dei sylvsakene ned i ein møkadunge og rømer til fjells.

I kamprapporten gjev Lund skryt av mannskap og offiserer: «*At denne i sig selv ubetydelige Affære har jeg draget den behagelige Erfaring, at af mine brave Underordnede kan ventes alt muligt og det bedste Udfald af en Affære, hvor Omstændighederne ikke er altfor meget imod os.»*

Belvidera skal ha vore heilt under Nøringeset-landet, vert det fortalt frå Brandal. Etter kampen grov dei fram kanonkuler like frå Kvitneset til Hareid, heitest det.

Belvidera sett så kursen mot Shetland. Om bord har den alvorleg såra gaste frå Thor fått god pleie og har kome seg såpass at han kan sitje ute. Under striden i Breisundet må han flyttast under dekk. Med drøn og risting frå kanonene, tek sjukdomen tak på nytt og to dagar etter døyir han.

Underjordferda på kyrkjegarden i Lerwick er det full militær honnør både frå ven og fiende.

85 mann frå striden ved Silda hamnar i dei illgjetne prisonskipa i England. Offiserane - med kvar sin personlege tenar - får derimot nyte eit behageleg fangeliv i byen Reading.

I Lerwick var Nemesis og kanonskonnertane Thor og Balder komne dagen før Belvidera. Her vert fartya liggande ei 10 - 12 dagar for «*som det heed for at vente på Grønlandsfarerernes Hiemkoms»*, fortel Dahlerup.

Etter kvart kunne folk på begge sider av Staden puste letta ut. «*Stormene have afuiist de fiendtlige Krydsere fra Kysten og Seilladsen kommen i Gang»*, melder Landboebladet 14. september.

Seinare på året vert det ikkje meldt om fiendtlege kryssarar i Trondhjemsavsnittet.


### **Enno fire lange år**

skulle krigen vare. Etter hendingane ved Stadt fekk styresmaktene augo opp for kor dårleg det stod til med kystforsvaret i Norge, utan at det hjelpte noko serleg.

Men alarmsignala på Kleppe vart gjort om. Kjeldene sviktar, men det er også teikn på at telegrafane mellom Silda og Valderhaug vart flytta slik at linja kom lenger inn frå dei yste øyane. Såles er det nemnt telegrafar på Bergsøya og Kråkøya. Og ein ting hadde dei lært: Fienden fylgde ikkje læreboka når han fann det for godt å raide Norges kyst!

Etter krigen vart kanonbåtane sett i naust og kom aldri meir til å gjere teneste. I november 1814 gjekk det ut skriv frå departementet at telegrafane skulle leggest ned og personalet dimitterast. Noko om sivil bruk, slik som i somme andre land, høyrer ein ikkje om. Kystværnet heldt visstnok frammed øvingar ut på 1840-talet, men så vert det stilt om det også.

Offiserar og mannskap på kanonbåtane – dei som sleit og rodde -, telegrafistar og Kystværnet gjorde med små ressursar ein forteneestefull innsats. Med respekt kan dei «ansees værdige at kaldes Nordmend»



Denne teikninga frå 1815 "Losse- og landstedet Ålesund" Det var ikkje rare byden men einaste hamn nær stad som kunne huse 3-400 mann frå roflotiljen